

Gangfelt ned til skulen

24.08.2011



Gangfeltet skal opparbeidast til venstre for gjerdet

I neste møte i forvaltningskomiteen som skal haldast 31. august skal forslaget om tryggare veg frå busslomma til skulen drøftast. For å få det til må det gjes dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan slik at det blir arealendring frå jordbruk til veg - det vil seie kjørbare gangveg. Rådmannen slår fast at fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene.

Dispensasjonen gjeld 180 kvadratmeter som skal nyttast til å opparbeida eit avskilt og difor trygt vegareal/gangfelt på strekninga frå busslomma til skulen.

Tiltaket betyr ingen større inngrep i naturmiljøet eller er til ulempe for resten av det etablerte miljøet i området.

Ingen har så langt kome med merknadar til prosjektet.

Tekst og foto. Ola Matti Mathisen